

## GJER ALVOR AV DET!

Gjer alvor av kva? Gjer alvor av å erkjenn at du har synda. Vedkjenn deg ditt opprør mot Guds vilje. Sjå situasjonen rett i augene: Du er bunden på hender og føter, i hjarte og hjerne med band og reip — synlege og usynlege. Få det heilt klart for deg kva dette er. Det er stor avstand mellom den Heilage og deg.

Gjer alvor av det! Søk synds-tilgjjeving, og få nådens forhold til Gud gjenoppretta. Utsett det ikkje ein dag lenger. Du

veit det innerst inne: Guds ord har rett, du treng å bli tilgitt. Det er din einaste verkelege sjanse.

Gjer alvor av det! Følg Guds kall til teneste. Still deg til disposisjon for å bli utsendt på kjærleikens vegar. Gjer Guds gjerningar. Resten av ditt liv må du vere på Hans side.

Les profeten Jesaja 6, 5-8, og du vil finne vegen inn til sjølerkjenning, fram til altaret og ut til menneska.

FADEREN  
ER STØRRE  
ENN ALT -  
Hans kjærlighet  
er større enn  
menneskers  
kjærlighet,

Hans hjelp  
er større enn  
din nød,  
Hans tilgivelse  
større enn  
din syndebyrde

MB

---

# ORKDAL MENIGHETSBLAD

Nr. 3

MARS 1977

27. årgang


---

## Menigheten

Du er døpt! Er du klar over kva veldige krefter som står til din disposisjon om du tar til å bruke dåpens krefter?

Jesu nattverd blir framleis utdelt i Guds hus. Har du forstått kva slags himmelsk kraft og glede som ligg i dette måltid?

Guds ord seier: «Den som trur og blir døpt, skal bli frelst.» Det er din kjempesjansje! I menigheten møter du Guds rike på jord. Jesu stadige nærvær!





## SLEKTERS GANG

## Døpte



## Orkdal.

- 6.2. Per Oddvar Sæther (Meldal k)  
 6.2. Gunn Veronica Almlie (Lademoen k.)  
 13.2. Linda Marita Slupphaug (Hølonde k.)  
 13.2. Linda Magnussen  
 13.2. Gro Anita Midtlyng  
 13.2. Kjetil Uri  
 13.2. Kenneth Eggen



## Vigde

## Orkland.

- 26.2. Per Arnold Nielsen og Solveig Skjølberg.



## Døde

## Orkdal.

- 16.1. Karen Mo f. 1886  
 12.2. Olga Marie Solstad f. 1913

## Orkland

- 5.2. Aslaug Svorkmo f. 1901

## Orkanger.

- 27.1. Johanne Mæhlen f. 1914  
 30.1. Hildur Næss f. 1905  
 2.2. Ingvald Normann Danielsen f. 1908  
 15.2. Gunvor Løkstad f. 1907  
 16.2. Martin Frithjof Moe f. 1918.

Inntrykk frå Etiopia-tur  
jula 1976

Turen til Etiopia står for meg som den mest levande draumen eg til no har hatt! — I denne «juledraumen» fekk etioparane meg til å kjenna meg som ei overklassekvinne. «Kvitt andlet betyr pengar!» sa veninna mi. I Addis Abeba sprang gateseljarane etter deg når du var ute, og kjøpte du fyrst av ein, hadde du alltid 2—3 ved sida di. Ein tiaring var glad over å få pussa skorane mine mot nokre cents, og så fint har skorane mine aldri vore pussa! Tiggarar såg eg så mange av at det gjorde vondt. Det dei trong mest, var mat, og du kunne få kjøpt matbilletter å gje dei. Gav du ein, såg du oftast mange utstrakte hender og bedande blikk, vende mot deg. Her forstod eg at vi i Noreg har det godt.

Det var mykje sol og varme, og enda om det vart varmare di lengre sør på feltet vi kom, var det meir enn varmt nok i Addis for «norsk vinterhud». På turen fekk eg koma innom Wondo Gennet, Irga Alem, Dilla, Hagere Mariam og Yavello, så eg til og med så litt av stjernehimmelen over Boranavidda. Eit syn! Eg fekk høyra talar på amharisk, sidaminja og gudinja, og undra meg over at misjonærane forstod desse underlege språka. Eg vart gripen av songen og gløden. «Han søkte meg i nåde» song dei i eit fattigsleg bedehus nær Yavello slik at Guds nåde vart stor for mitt hjarte.

Trass i blendande sol har eg aldri sett så mørke skuggar som i Etiopia. Der sola ikkje kjem til, blir skuggane ekstra mørke. Det har eg også sett av bileta som eg tok. I folkelivet såg eg det same, i det åndelege livet og. Der Livsens Lys — Jesus — ikkje kjem til, blir mørket skræmmande. Eg opplevde situasjonar som fortalde om urolege tider og uvilje mot utlendingane, enda om det var *rolege* tider da eg var der nede. Eg føler med dei etiopiske kristne i denne omveltningstida som landet er inne i. I det heile fekk eg godhug og interesse for det etiopiske folket.

På denne juleturen treffe eg både kjende og ukjende misjonærar. Brynhild Sagberg, Esther og Ottar Kiplesund, Mari Eikli, Perny og Arthur Haugen bad meg helsa alle kjende! Eg er takksam mot dei alle. Eg vart opp i under over all gjestmilde og

omsorg, og over det tenarsinn som misjonærane eg møtte, la for dagen. Dei går visst alle i skole til Han som kom for å tena, og som vart fattig forat vi ved Hans fattigdom skulle bli rike.

Som våre utsendingar treng dei vår daglege forbøn, og eg bad da eg var i Etiopia, at eg ikkje måtte gløyma det eg hadde sett av *naud, fattigdom, uro* — av kristen tryggleik og glede, når eg kom heim att til Rødde.

Liv Kjellrun Fagerli.

## Sokneprest Einar Stueland

Børsapresten har fått avskil frå 1. februar i år. Fram til kommunesamanlutninga med Orkdal høyrde Geitastrand sokn til Børsa prestegjeld. Einar Stueland har slik i mange år vore prest i Geitastrand.

Vi gjer her i høgste grad merksam på dette, og takkar han for tenesta. I seinare år har Stueland ved ulike høve vore brukt i Geitastrand sokn, spesielt ved arrangement for Bibel-misjonen.

Vi takkar Ingrid og Einar Stueland for godt fellesskap, og ønskjer eit velsigna otium. Dei har forlengst flytta inn i eige hus nedanfor Fredly folkehøgskole, så vi får ha dei i nærleiken. Som vi skreiv som ønske til Olav Olsen vil vi også til Stueland: Vi reknar med å sjå deg her hos oss ofte som vikar!

FOR I DÅPEN  
 vart de gravlagde  
 med han,  
 der vart de og  
 oppreiste med han,  
 ved trua på  
 GUDS KRAFT  
 som reiste Kristus  
 opp frå dei døde.

Kolossb. 2, 12

## MENIGHETSBLAD

for Orkdal prestegjeld

Utgitt av sokneråda i Orkdal

Redaksjonsnemnd:  
 Gunerius Kjøren Jorhild Ljøkjel  
 Agnes Singstad

Redaktør: Inge Eidhamar

Annonser:  
 Sigmund Haugset.

Kasserar:  
 Ivar Fandrem, 7320 Fannrem.

Postgironr.: 32 68 72.

Takk for gaver og kontingent.

Svorkmo Prenteverk A/S, Svorkmo

## Vekking

I samband med møteaksjonen i bygda vår, er det eit uttrykk som har blitt tatt i bruk, det er ordet *vekking*. Kva er det som ligg i dette ordet?

Det beste utgangspunkt er Guds eige ord. I Efesarbrevet 5.14 kan vi lese: «Vakna, du som søv, stå opp frå dei døde, og Kristus skal lysa for deg.» Dette blir sagt til ein kristen kyrkjelyd. Mellom dei døpte i Kyrkjelyden er det mange som har sovna, ja, som åndeleg døde. Det livet som blir gjeve i dåpen, døyr om det ikkje får næring for følgjer ein lina ut, blir det til evig død. Difor må det ei vekking til for den som er sovna. Det er det same som blir sagt til ein annan kyrkjelyd, Johannes' openberring 3. 1-3, mellom anna dette: «Du har ord på deg for å leva, men du er død. Vakna, og styrk dei som er att, før dei døyr —». Vi blir vekt opp ved forkyninga av Guds ord. Men fordi mennesket helst vil sova, prøver ein å døyve den røysta som vil vekke, bortforklare og snu ryggen til. Det at ropet om å vakne opp lyd mellom oss, er ein Guds nåde, liksom det blir ropa til ein som søv i eit brennande hus!

Gud stiller oss det same spørsmål som han gav gjennom profeten Ezekiel, kapitel 33, v. 11: «Vend om, vend om frå dykkar vonde vegar! Kvifor vil de døy, —» Den som tar til seg vekkingsropet, vender om. Han kjem til Jesus med sine synder. Han kjem attende til sin Far liksom den bortkomne sonen. Da blir det glede i himmelen, sier Jesus. Mange seier: vi er da døpte, treng vi å vende om? Svaret er: å leve i sin dåp, det er å leve i stadig omvendning, slik vår barnelærdom seier det: «— den

gamle Adam i oss skal druknast ved dagleg anger og bot og døy med alle synder og vonde lyster, og at eit nytt menneske dagleg skal stiga fram og leva åveleg for Gud i rettferd og reinleik».

Den som ikkje lever i dette høve til Gud, må få ein ny start, han må vekkast og omvendast. Det er noko Den Heilage Ande verkar. For «eg trur ikkje at eg av eige vit eller eiga kraft kan tru på Jesus Kristus min herre eller kome til han, men Den Heilage Ande har kalla meg ved evangeliet, opplyst meg, helga meg og halde meg fast i den sanne tru.» (forklaring til 3. trusartikkel).

Som prest har eg lagt på meg mellom anna denne oppgåva slik det lyder ved ordinasjonen: — «at du trutt manar kyrkjelyden din til sann omvendning, levande tru på Kristus og heilagt liv i kjærleik til Gud og nesten —».

Eg vil oppmode alle som lever i bøn å be om at eg må vere tru mot denne lovnad.

Jostein Mahum.

(Frå Rennebu menighetsblad)

## Kvinneundertrykking

Biskop Dagfinn Hauge i Tunsberg skriv i årsmeldinga frå bispedømet om den enorme kvinneundertrykking som ligg i fenomenet «papirlause ekteskap». Det er kvinnene i første rekke som blir utnytta og rettslause. Vi har sjøl følt med i dette frå vår første prestetid av på Finnmarks-kysten og til i dag, og kan under-skrive biskopens undring: At dei vil! Ved sida av kvinnene er barna det store offer for den lettvinde moderne ideologi, og vi trur også mennene. «Papirlause ekteskap» undergrev likestillingstanken som all anna kristen moral.

Stortingsrepresentant Bergfrid Fjose har gått til hard kamp mot pornoblad med hovudmotivasjon av at dei er kvinne-diskriminerande. Ho synest det er ei alvorleg skam at slike blad finst i daglegvareforretningar og kioskar. Ho meiner først og fremst kvinnene må reise seg mot den kyniske profittmessige utnytting av kvinna som pornoindustrien er. For vår del vil vi tilrå handelsboikott mot alle forretningar som fører pornoblad. La oss bli medvitne på dette plan. Pornoindustrien er nedverdiggande for kultur og menneskeverd. Vi kan rydde opp i dette om vi vil!



## VÅR MENIGHET

**Pastor Audun Slettahjell** frå Byneset har søkt Orkdal kalls-kapellani. Han er enno ikkje utnemnd, men det blir nok. Han vil ta til her frå 1. august. Både han og kona har slekt i Orkdal, og han har i si tid gått på Orkdal gymnas. Audun Slettahjell forretta elles gudsteneste i Orkanger kyrkje 20.2. Folk vi snakka med etterpå sa dei trudde vi fekk ein god prest.

Så er vi spent på kommunistyre si handsaming av Søvasskjølen fjellkyrkje, menighetssekretærstillinga, organiststillinga i Orkland sokn m.m. Utfallet av den drøftinga er det mange som er interesserte i.

## Fastebøssene

til Kirkens Nødhjelp er utlagt i kyrkjene. Fasteid skal m.a. brukast til å syne solidaritet med det lidande medmennesket. La oss syne dette meir enn aldri før!

## Menighetens årsfest

på Orkanger blei halden i kjellarstua på Askeladden 20.2. Triveleg og godt fellesskap blei det der. Det skjer ting i Orkanger menighet for tida.

## Eldres hyggetime

blir halden på Svorkmo misjonshus fredag 18. mars kl. 11.

## Elles minner vi om

søndagsskolane. (På Orkanger søndagsskolen). Send barna dit. Men ta også barna med til kyrkjes. Kyrkjegang er ei familiesak også.

## MØTER FOR FJELLKIRKA

Megarden bedehus onsdag 9. mars kl.20.

Grendstuggu By onsdag 16. mars kl. 20.

Marit og John Kvikne onsdag 30. mars kl. 20.

Det virkelige fundamentale i min tilværelse er troen... jeg tror at vi mennesker er skapt til å være Guds barn.

Dronning Margrethe



Godt utvalg i  
babyutstyr  
Pene dåpskjoler  
til utlån

## Harald Hukkelås

Orkanger.

## SØVASSKJØLEN FJELLKIRKE

postgiro 3675436 GJØLME.  
EI KIRKESAK FOR ALLE  
I ORKDAL.

Alt  
i sport og fritid!

## A. Todals Eftf.

Tlf. 80 278

Orkanger.

Alt i  
dagligvarer!

## Edm. Henden

Tlf. 80 113

Orkanger.

Alt i  
blomster og planter!

## Orkanger Gartneri

Inneh. Oddny Blomli

Tlf. 80 348

Orkanger.

## Om Saturns nye Posisjon

Tannlegekontoret er einaste plassen vi les vekeblad på. Denne gongen stoppa vi opp med fleire sider horoskop på fargepapir. «Med Saturns heldige innflytelse er utsiktene for sunnheten forbedret». Vi har aldri vore på bingo heller, ikkje sidan vi dreiv og småpusla med karamell og 50 øres sjokoladar som premiar i avslappingspausen på losjemøtet i vår tidlege ungdom. Men vi fekk lyst å rope: Bingo så det høyrdest gjennom alle tannlegestolar. Kanskje eg på grunn av Saturns posisjon og magiske kraft slapp tannparasjonar meir? «Deres helse vil bli adskillig forbedret, og De kommer til å nyte livet mer! Kom Dem oftere ut! Det vil også forbedre figuren!» Så fekk eg også vite det. Det er Saturns si skuld at eg har krokna så ille i nakken i det siste og at eg har hatt ein så hektisk arbeidssituasjon at dette med mosjon har kome i bakleksa. Denne planeten må eg sannleg foreta eit nærare studium av. Kanskje eg kunne førehandsmelde meg på første rakettferd dit? Men da kom eg aldri att om ikkje planeten kunne gi meg fleire liv. «Kjærlighetslivet vil bli mer aktivt, og De kan komme til å bli dypt forelsket». Ja sann ja, det går mot vår. Så kvi for ikkje? Alt har si tid. Det var det eg syntest at kona verka meir interessant i det siste. Det var altså Saturns fantastiske opplegg om var inne med ein finger her også. Du verda for ein planet!

Når vi kjem til oss sjøl igjen så lurar vi på: Kor langt skal mennesket nå i fordumningsprosessen? Og kor lenge skal menneska halde fram med å kjøpe vekeblad? Eller kva verre er: Vårt fast samanspikra, kjempeflotte utdanningssystem må da ha spela aldeles falitt. Eller er det ikkje slik at mennesket kjem vidare med bokleg lærdom? Kanskje det er så at «ei tru må stydja oppunder», som han sa han gamle krokrygga Ivar Asen. Truleg var det at han grov seg ned i ordbøkene sine og ikkje lydte vise Saturns råd som bøyde nakken hans også. «Det vesle vitet» det strekk i alle fall ikkje til for å forstå dette.

Mennesket er eit mysterium!

## D Å P E N

først kom barna de gikk til deg ved døpefonten og ble dine barn Herre rolige og skalv ikke jeg skalv for ditt åsyn barna smilte til meg presten helliget oss med ditt innviende vann og det hellige vann rant nedover våre ansikter og gledestårer blandet seg med det hellige vann og vi lot det være slik og vi tørket ikke tårene og vi rørte ikke våre ansikter den dagen

Brett Borgen

## Kjære psykiater

Den Hellige And fylte min stue i dag og til alle tider i alle små ting jeg tar imot og takker ubluferdig tar jeg imot mer enn jeg trenger og mer til mer enn hva som er medmenneskelig det er helt asosialt dette men meg skal intet fattes

Brett Borgen.

## JESUS er din frelser.

Han løser  
dine lenker,  
din nød, dine  
vanskeligheter  
og spørsmål

Stol på Ham  
uten forbehold!

MB

## Helsing frå Gjertrud Neraas

Gjertrud Neraas er eit kjent og kjærte namn for folk i Orkland og bygdene omkring. Ho var ikkje berre jordmor her i 37 år, men vart bodsendt når sjukdom sto på. Når nokon trong ei hjelpande hand eller rettleiing, sette ho alt anna til side—. «Eg kjem strakst», var svaret. Ein kjende seg trygg når «jordmora» var komen i heimen, ho tok ved roret på ein stille men samstundes myndig måte. Ho var av det slaget som gjorde gode gjerningar i det stille, og det fall så naturleg for henne.

Dei siste åra har ho budd hos ei brordotter i heimbygda Erisfjord og sidan på aldersheimen der. I går satt eg ved senga hennar på Molde alders- og sjukeheim. Ho er 89 år no, er klår i tankegangen og minnet er uvanleg godt. Sjukdomen som ho har vore borti to gonger tidlegare har på ny fått feste, og ho veit at denne gogen er det ein utgang—. Men ho har den same ro i sinnet som ho alltid har hatt og ventar på å få reise snart —, den siste reisa. Slekt og vener er flinke til å sjå om henne og på denne helmen vert ho stelt med kjærlege hender. «Ho er så snill og tolmogig», seier søstrene.

Tankane hennar er ikkje berre i heimbygda og hos slektningar. Kvar dag er dei på den staden der ho hadde sin lange arbeidsdag. Ho kjende at ho høyrde til på Svorkmo. Det var så vakkert der og ein god stad å vera!

«Du må helse dei alle og takke for all godhet mot meg! Eg har så mykje å takke for, Jesus har vore god mot meg. Eg ber for dei alle kvar dag, det tek lang tid, men du veit eg har god tid no.» Ho smiler, folder hendene og ber for alle i Orkland: grender, gardar, einskildnamn og slektene deira. Ho hugsar oss alle.

Oslo, den 23. februar 1977.

Jorunn Holtung.

Vi minner

på nytt om fastebøssene til Kirkens Nødhjelp. I dag hadde vi ei nyss heimkomen misjonær frå Kenya på tråden. «Nordmenn gjer ikkje noko anna enn å samlar opp omkring seg sjøl», sa ho.

Kontrastane var veldige.

## Gjeve til nytt orgel i Orkdal kyrkje

Kyrkjekonserten 1. juledag i Orkdal kyrkje	kr. 2.170,00
Frå Orkdal Sparebank	kr. 1.000,00
Anonym gjevar	kr. 500,00
	kr. 3.670,00
Tidlegare gjeve	kr. 78.733,00
I alt	kr. 82.403,00

Hjarteleg takk.

For Orkdal Sokneråd.

Arnt Gangås

## Nattverdsett Orkdal sjukeheim

Ein pasient har gitt kr. 1000,— og ein annan kr. 500,— til nattverdsett ved sjukeheimen. Ein god nabo av heimen har gitt ein fin altarduk.

## Kven har seterhus å gi bort?

I samanheng med reisninga av Søvasskjølen fjellkyrkje vil det bli planlagt reist eit setertun. Dette vil bli lagt opp som eit setermuseum. Men museet skal vere levande. Med dyr og seterjenter, rømmekolle og ysting.

Altså: Den som har Seterhus til overs til eit godt formål, sei frå til oss!

Fjellkyrkjekomiteen.

## Hjerdis Forfang

heldt eit svært interessant kåseri frå eit års opphald i New Zealand på årsfesten for Orkland menighet i Hoston Grendehus 27. 2. Lysbildla syntte oss ein sjeldan vakker natur. Det var mest himmelsk å få høyre om eit land utan eit einaste rovdyr. Elles var det song av Orkland mannskor, ei barnegruppe frå Hoston og Jorid. Ei sjeldan triveleg kveldsstund.

## Gåver til fjellkyrkja.

Gjølme 1500. Kjøremonen 1500. Stokkhaugen 1800.

## Fast gjevarteneste

Både Orkanger og Orkland sokn har sett igang med fast gjevarteneste i menighetene. Formålet er å legge økonomisk grunnlag for tilsetting av menighetssekretærar i sokna. Gjevartenesta er opplagt med at ein legg ein konvolutt for månaden i kyrkjebøssa eller på altaret ved offer. Det bør altså vere ein fast månadleg sum slik at sokneråda kan budsjettere med dette. Ein kan få konvoluttar hos kasseraren i soknerådet. Vi ber om hjelp og støtte til dette tiltaket slik at vi blir i stand til å skape eit rikare menighetsliv. Dersom noen ønskjer å gi større eingongsbidrag til menighetssekretærløn, så er vi sjølv-sagt også takksame for det.

## Arne Fagerholt

blei teken avskil med som medhjelpar i Orkdal kyrkje 27/2. Det skjeddte både i kyrkja og ved kyrkjekaffe i prestegarden. Samstundes blei Ivar Konrad Gangås innsett som ny medhjelpar. Anders Fagerholt, bror til Arne, som også har vore medhjelpar i mange år, var og til stades. Far deira Amund, var i 27 år medhjelpar i Orkdalskyrkja. Så her har det med medhjelparteneste vore familietradisjon.

## Per Asphjell

ga eit svært interessant historisk oversyn ved 75-årsjubileet til Megarden bedehus 6.2. M.a. fortalde han personleg om si søndagsskoletid. Og om nokre år seinare sa han: «Det var så godt å kome attende etter ei tid da ein hadde skamma seg ved evangeli- et».

## Prestane har ferieperm. slik:

Res.kap. Eidhamar 23/3 — 29/3  
Prost Rogstad 31/3 — 6/4

## FREDLY FOLKEHØGSKOLE — 7353 BØRSA

Du er velkommen til eit innhaldsrikt og gjevande skoleår i eit kristent ungdomsmiljø. Skriv etter den nye skoleplanen med mange undervisningstilbod.



80 år i bygdas tjeneste

Moderne butikk - Godt vareutvalg.

Bensin- og servicestasjon.

Velkommen inn.

**Svorkmo  
Handelssamlag**

**Orkdal Sparebank**

Orkanger . . . kl. 08.00 - 15.00

Torsdager . . . kl. 08.00 - 18.00  
(Tlf. 80 450)

Fannrem . . . kl. 08.00 - 14.30  
(Tlf. 82 191)

Selbekken . . . kl. 09.00 - 14.30  
(Tlf. 115)

Lørdager er alle kontorer  
stengt.

**Konstads  
Bokhandel**

Orkanger.

Bøker - Papir  
Skolemateriell

**SØLVVARER**  
til  
**BARNEDAP BRYLLUP**  
**KONFIRMASJON**  
Gullsmed

*John  
ROHME*

7300 Orkanger

**Svorkmo Prenteverk A/S**

Vend Dykk til oss når det  
gjeld trykking av blad, tids-  
skrifter, forretningstrykk  
m.m.

Telf. og post: 7330 Svorkmo.

## GÅVER til bladet

Orkanger (ultimo nov. -76)

Torbjerg Kristiansen 20. Ingebr. Ekli 20. Høie 10. Ingrid Størseth 10. E. og H. Solheim 25. D. og S. Gosse 30. J. og F. Røhmesmo 20. T.S. 25. H.Y. 25. R. Nyberg 20. Johan Haugrønning 20. Aslaug og Ole Sognli 20. Jonette Holdvagt 10. Asbjørg og Syver Svare 30. M. og A. Olsvik 20. Ingebrigt Isdahl 20. Mathilde Reitan 10. S. Ebbesen 15. Henny og Andreas Helbæk 25. Jan Kvarsnes 25. Gunda og Johan Røhmesmo 25. H. Fiskum 10. Oline Eggan 10. Hanselmann 40. Hjørdis Foss 20. Ottar Ustad 20. Jenny og Olaf Berg 20. Karen Dragseth 20. A. og Kr. By 20. Thorbjørn Solberg 10. T. J. 10. Elsa og Erling Røhme 20. S. og H. Bakk 20. J. Stokke 20. Martha Olsen 20. S. Sæther 10. Jan Ebbesen 10. Anna Sæther 10. Helene Evjen 10. Anna Skjetne 10. Oiga Skarholt 10. Lilly og Mart. Solheim 10. R. Strand 15. Marit og Olaf Olsen 15. Gunnveig og Peder Mælen 20. Aslaug og Johan Gjønnes 10. Klara Walstad 10. G.A. 30. Hildur og Ivar Strand 30. Arne A. Mæhlen 10. Jenny Flåtsund 10. Inga Krokstad 10. Ole Kattem 10. S. og J. Ofstad 10. Margit Rømme 10. Anette Hansen 20.

Utenbygds (ult. nov. -76)

✓ Inger Åkerøy, Grong 15 ✓ K. Særvoll, Hunstadmoen 20 ✓ Ingrid Husby Todal, Narvik 20 ✓ Ingeborg Boksbu Sørensen, Bodø 20 ✓ Magne Lyngberg, Snåsa 15 ✓ Reidun Møstel, Arvika 25 ✓ Gudrun Kirkvold, Tydal 10 ✓ Ashild og Magnar Singsdal, Eggkleiva 10 ✓ Ester Feragen, Ingdalen 20 ✓ Anne Boksbu Ofstad, Meldal 20 ✓ Mildrid og Ola Løseth, Løkken 15 ✓ Aasta Solem, Selbekken 10 ✓ Astrid Eggan, Skaun 15 ✓ Joralf Bakken, Korsvegen 10 ✓ Erling Gjelsvik, Røros 20 ✓ Anne Rise Rindalsskogen 10 ✓ Lars Arve Fandrem, Asker 20 ✓ Brit Kvaal Hilde, Oslo 8 20 ✓ G. og I. Solberg, Skien 30 ✓ Gudrun Waaler Fagerli, Modum 25 ✓ Valborg Holsvik, Syvd 15 ✓ Johanne Nyland, Ytre Laksevåg 30 ✓ Liv og Stein Grønningen, Aure 25 ✓ Gjertrud Nerås, Nauste 20 ✓ M. Slørdahl, Krokstadøra 20 ✓ Johanne Muan, Meldal ✓ Odd Solberg, Heimdal 10 ✓ B. Kvålsvoll, Melhus 20 ✓ Oddbjørg og Jon Olav Sæther, Melhus 25 ✓ J. Solligård, Hommelvik 20 ✓ Hj. Børseth,

Stjørdal 20 ✓ Annbjørg S. Andersen, Stavern 30 ✓ S. og K. Bye, Porsgrunn 20 ✓ Hønnåshagen, Løvenstad 20 ✓ Sverre Øyum, Oslo 20 ✓ Bjørg Hegstad Tr.heim 15 ✓ Helle Skarholt, Tr.heim, 10 ✓ Olav Kvikne, Tr.heim 10 ✓ Oline Wuttudal, Tr.heim 20 ✓ A. Hovsbakken, Tr.heim 20 ✓ Eli og Anders Fossbakk, Tr.heim 20 ✓ Magnhild H., Marsv. 2, Tr.heim 10 ✓ J. Svorkmo, Tr.heim 20 ✓ S.H. Sjetnhaugan 20 ✓ J. og I. Ljøkeløy, Heimdal 10.

Orkdal (ultimo nov -76)

Guri L. By 30. Marie Sommervold 10. Bjørg og Kjell Engløkk 10. B. Fjelnseth 10. Martin Hansen 10. Boye Svorkmo 30. Stein Oddli 10. Karen og Ola Amo 30. Olav Wenn 20. K. og O. Knudsen 20. Emma Østhus 10. Olav Krokstad 10. Arne Melås 25. Odd og Kirsti Fossum 30. Alf Asphjell 20. Odd P. Reiten 15. Gjertine og Ole Solhus 30. Torbjørn Engen 10. Ingemar Fossum 10. Arnt Søvassli 20. Sigrid og Knut By 20. P. Neraune

Mange menighetsblad har bladbud.

Blada blir gratis borte ut til alle husstander. Dette går ikkje hos oss. Det kostar 8000 kr. for året å få sendt Orkdal menighetsblad i posten.

25. D. og J. Øyasæter 20. Kk. 20. Ole Gjønnes 20. Per Odd Eggan 10. Klara Sundli 10. Eldbjørg og Lars Solberg 20. Jorid og Amund Kvåle 20. Hans Bakken 10. Berit Svorkmo 50. Ingeborg og Per Solem 20. Maja og Iver Lefstad 20. Asmund Selbekk 20. Aslaug Brattbost 20. John Ødyn 20. Olava og Anders Aunemo 20. Sv. Thomassen 20. Marie og Arnt Gjønnes 20. Per Elvbakken 20. Johan Kvakland 20. Beret Anna og Hans Aunemo 20. Hallbjørg og Jarle Bjerk-an 20. Eli K. Metli 25. Magnhild og Sigmund Haugseth 25. Nils Jerpstad 10. Gunvor og Anders Klefsås 20. B. og E. Slørdal 20. N.N. 10. J. Rishi 15. N.N. 10. Ingeborg Grø 30. Marit Hukkelås 25. Margit og Harald By 20. J. Ustad 20. Ranveig F. Dahl 20. Arnulf Kvaal 20. Olav O. Solem 50. Leif Løftamo 10. Pauline Bjørkøyli 10. Anne Andøl 20. Roald Alver 20. Borghild og Marie Larsen 20. Randi

Kvåle 20. Sand 20. Herman Knudsen 10. Helga Oddli 25. Nils Ofstad 20. Ole og Tora Østhus 20. Arne Lillery 20. Aase og Kåre Frengstad 20. Karen og Lars Gjønnes 20. G.J. Haugen 20. Andrea Øiamo 20. Trygve Gaarden 20. Eli Fandrem 20. Eldbjørg og Ivar Solhusmo 20. R. og L. Wongraven 20. Valborg og Odd Kårmo 20. G. Bakksæter 20. Anna Jakobsen 10. Ella Kvaale 10. Gunda Vassli 10. Bjørg Aune 10. Ingeborg Torgersen 10. Hallvard Morken 20. Anne Ødegård 20. N. og O. Rian 30. Martha Garberg 30. Johanna og Ivar Opøien 40. Ole Fossbakk 40. Jan Nervik 10. Tordis Tuflått 10. Olaug Gammelløkk 10. Anne Hansen 15.

Geitastrand / Gjølme ultimo nov. -76)

Eldbjørg Almli 15. S. og A. Haugnes 20. John Aasen 20. Sivert Sommervold 10. Annie Johansen 30. B. og E. Nygård 20. Edv. Kjøren 10. Erling Sletvold 15. Else Elshaug 20. Henry Husdal 20. Arnt Kjøren 20. Anna Aasheim 10. Lars Sletvold 25. Anne Mari og Ottar Ysland 20. Ellen Kvernmo 20. Petter Sletvold 20. Anders Ofstad 20. Arvid Husdal 20. Helga Sognli 15. Trygve Hansen 10. Lars Bonvik 20. Adolf Wærnes 20. Eivind Husby 25. M. Bjørnbeth 15. Kristen Hukkelås 10. Marit og Rasmus Kvernmo 20. Bodil og Johan Sognli 10. Magnhild Tungen 20. Jarle Bakkli 10. Ingebrigt Andøl 10. Erika og Aage Nørve 20. Birgit Sognli 20. Asbjørn Hansen 20. Berit og Johannes Ofstad 25. Sverre Skjetne 20.

Orkland (ultimo nov. -76)

Karl Asphjell 10. Randi og Per Strømsvåg 20. Erling Hoston 20. Randi Moe 10. Ole Aune Eggen 10. Olav Bakken 20. Anna og Jan Hलगunset 10. Ingeborg Fossum 20. Arvid Strømsvåg 20. Oddlaug og Bernt Høsten 20. Oline Søderlund 20. Ingebrigt Asbøll 10. Lina Rian 10. Ole Rønning 25. Ester og Kåre Andersen 20. Oddmund Aa 10. Anders Skjøberg 30. Alb. Groven 20. Eli og Ola Klingen 20. Edvard Aarli 20. Bjørg og Eidar Asbøll 20. Reidar Aamot 20. Ingeborg-Anna Monseth 20. Sigrid og Ola Monseth 20. Knut Klefsås 20. Johanna Espås 20. Frida Svorkmo 20. Magnar Haugen 10. Marta Aarli 10. Nelly Bustad 10. Aslaug Svorkmo 10. Anders Solem 10. Astrid Kuseter 10. Ingeborg Ber-

busmel 30. Astrid Bjerkan 20. Einar Walstad 20. Sverre Meås 20. Eline Hoston 20.

Orkland (først i des. -76)

Per Erik og Beret Berbu 10. Johanna E. Berbu 20. Ingeborg og O. Gumdal 20. Anne og Arne Berbu 20. Anny og Anders Bonde 50. Nanna og Erik Gimse 30. Størker Steien 20. John K. Stubban 10. Anders Arli 15. Ruth og John Hoston 20. John Opøyen 10. Oskar Knudsen 15. Anna T. Lium 20. Marit Berbu 20. Ola Eide 20. Harald Sæterbakk 15. Jørgen Grø 15. Anne og J.M. Asbøl 20. Olga Grø 20. Skjoldvor Asbøll 10. Marit Svee 15. Gunnar Lium 20. Ingeborg og Bjarne Dahl 20. Ingeborg Tronvoll 15.

Gjølme — Geitastrand (først i des.-76)

Aasta og Ole Tungen 10. Marit Kvakland 20. Sigrid og Gudm. Bjørnbet 20. Astrid og Ole Elvbakken 20. Marta Knudsen 20. Sofie og Lars Husby 20. Martin Kvakland 20. Karen Svorkmo 15. Alf Kjønli 10. Emil Kjønli 10. Lovise Røhmesmo 10. Gun. Kvernmo 10. Ingeborg og S. Kvernmo 25. Oline Hugnes 10. Edvard Aursø 10. Arnt N. Ofstad 25. Andreas Husdal 10. Rikard Kvernmo 15. Peder Kjøren 20.

Utenbygds tingarar (først i des. -76)

✓ Valborg Figenschou, Krokeldalen 20. ✓ Marie Røe, Nidarvoll 20. ✓ Jorid Syrstad, Tr.heim 10. ✓ Lars Smehaug, Tr.heim 20. ✓ Wm. Thams, Tr.heim 25. ✓ Evelyn Kvam, Tr.heim 20. ✓ Marit Lindgård, Bosberg 20. ✓ Grethe Kåsa, Larvik 20. ✓ Anne Wold, Kirkenær 15. ✓ Brit S. Jensen, Jordet 15. ✓ Gunhild Bakke, Sørumsand 20. ✓ Ingvar Kjøren, Skjetten 20. ✓ Arnfinn Moe, Drammen 20. ✓ Gudrun Ottesen, Paradis 20. ✓ Harald Eidhamar, Elnesvågen 20. ✓ A. og E. Bakken, Lesjaskog 25. ✓ Inger Eriksen, Tømmervåg 20. ✓ Ragna Ingdalen, Ingdalen 20. ✓ Serine Mjonesauene, Støren 20. ✓ G. og Aa. Fagerli, Melhus 20. ✓ Knut Rise, Rindalsskogen 10. ✓ Magnhild Trulsen, Ranheim 20. ✓ Anne Sodal, Børna 20. ✓ Karin og Tor Isdal, Ingdalen 10. ✓ Marit Tung, Stadsbygd 10. ✓ Emma og Johan Dyndal, Buvika 20. ✓ Agnes Næve, Gåsbakken 10. ✓ Solveig T. Johannesen, Lurøy 10.

Hjarteleg takk!

**OPPFOTOGRAFERING  
AV GAMLE BILDER**

Gjør familieveggen komplett.  
Vi hjelper Dem med dette.

**Fotograf Kvarsnes**

SE VAR MUSIKKAVD. FOR  
ORGLER - GITARER o.s.v.

Tlf. 80 356 Orkanger

**Dagny Korsli A.s**

BARDSHAUG

Tlf. 80 395

TURNDRAKTER

GARN — TRIKOTASJE

Kjoler, slacks og tunika.

**A.I Orkla Kornsilø  
og Mølne**

7320 Fannrem

Tlf. Fannrem 82 398

LEIEMALING og LEIE-  
BLANDING.

KORNENSILERING.

**PRESTEKONTORET**

Den Gode Hyrdes kapell.

Tirsdag kl. 17 - 19

Torsdag kl. 18 - 19

Fredag kl. 08 - 10

**Ansvar —Varde**

Avholdsfolk bruker sine egne  
forsikringsselskaper for hus,  
heim, næringsvirksomhet, bil,  
motorsyssel og traktor.  
Snakk med våre representanter:  
Brage Fagerli, Svorkmo t. 2113.  
Sigmund Haugset t. 82362 eller  
distr.repr. Ivar K. Gangås t. 82175



**ORKDAL MINNEFOND**

De får blankettar hos:

Gunnar Melås, Kåre Gjønnes,  
Johan Fagerholt, Ane Øyasæter,  
Harald Metliås, Einar  
Bjørndal, H. Sivertsen, Borg-  
hild Asphjell, Dagny Korsli,  
Lars Bonvik, Harald Hukkelås.  
Bankane.

**ORKLAND MINNEFOND**

Blankettar hos:

Klara Aamodt, 7330 Svorkmo.

**ORKANGER MINNEFOND**Blankettar hos: Harald Hukkelås  
Bankane.**GEITASTRAND MINNEFOND**

Blankettar hos:

Gunerius Kjøren

## Minnefonda meir i bruk

Alle sokn i Orkdal prestegjeld har no minnefond til bruk for helsingar ved gravferd. I nokre sokn er dei etter kvart komme i regelmessig bruk, i andre mindre. Vi trur minnefonda åpnar vegen for fleire til å sende ei helsing til dei sørjande. Og slik har dei sin største funksjon. Men det er også endå for mykje blomster ved gravferd. Vi trur det vil vere ein fordel om minnefonda avlasta litt meir av dette.

Avkastninga av minnefonda har tradisjonelt blitt brukt til planting på kyrkjegardane. Vi trur at dei må få ein vidare funksjon etter kvart; nemleg: Gi meg ein blomst medan eg lever! *Vi meiner fonda bør brukast til miljøtiltak for eldre.* At diakoniarbeidet i menighetene kan få disponere overskot til å skape trivsel og glede for folk i eldre år. Vi synest dette er rettare enn å ause i tusenvis av kroner med blomster vekk som mest ingen får glede av.

Igjen for ikkje å bli mistydd. Blomster ved gravferd er rett og nødvendig. Men all overflod verkar mot si hensikt. Derfor er blomsterfonda ein god utveg til å vise sitt nærvær ved gravferd.

**GUDSTENER**

6. mars 2. s. i faste.

*Moe kyrkje* kl. 11: Høgmesse v/prost Rogstad. Offer til Indremisjonssekretariatet.

*Orkanger kyrkje* kl. 11: Høgmesse v/res.kap. Eidhamar. Nattverd.

10. mars torsdag

*Orkdal kyrkje* kl. 20.: Fastegudstj. v/prost Rogstad. Nattverd.

13. mars 3. s. i faste.

*Orkdal kyrkje* kl. 11: Høgmesse v/res.kap. Eidhamar. Offer.

*Hoston* kl. 11: Gudstenestleg møte v/prost Rogstad.  
4 H. inviteres.

20. mars Midtfaste søndag

*Orkanger kyrkje* kl. 11: Høgmesse v/prost Rogstad. Offer til menighetsarbeidet.

*Moe kyrkje* kl. 11: Høgmesse v/res.kap. Eidhamar.

*Risan* (Arne Lomundal) kl. 15: Gudstenestleg møte v/res.kap. Eidhamar

27. mars Maria bodskapsdag

*Geitstrand kyrkje* kl. 11: Høgmesse v/prost Rogstad. Offer til Kirkens Nødhjelp. Buss frå Husdalen.

*Moe kyrkje* kl. 20: Gudstj. møte v. Arnt Gangås.

*Orkanger kyrkje* kl. 11: Gudstj. møte v/kretsssektr. Agnar Moksnes. Offer til Santalmisjonen.

3. april Palmesøndag

*Orkdal kyrkje* kl. 11: Høgmesse v/res. kap. Eidhamar. Offer til Kirkens nødhjelp.

**FORBØNN**

noen ber for meg  
i dag  
jeg kjenner det  
som å bæres  
videre  
et menneske  
som står Herren nær  
bruker av tiden  
og ber for meg

Brett Borgen.

Det er like naturleg for meg  
å tru på Gud som å puste

Jimmy Carter

**La oss be**

- for gudstenestene
- for sjuke og gamle som ikkje kjem seg til kyrkjes.
- at kristne får syn og frimod til å knele ved nattverdbordet.

**La oss takke**

- for ord og sakramenter,
- for søndagen,
- for den kristne menighet.

**SOS**

Hver torsdag kl. 16.00 holdes andakt på Orkanger Aldersheim.

Noen forsanger trengs. Hvem vil ofre en liten time pr. uke for våre kjære eldre til dette formål? Det skrives og tales mye om vår omsorg for de eldre. Dette er også en måte å glede dem på og du vil selv bli glad!

Barn — ungdom — voksne — tenk over dette! Håper mange vil ringe meg å si: Jeg vil!

Mitt andre nødrep gjelder Menighetsforeningen som har drevet hjemmesykepleie i over 50 år. Denne sak er nå lagt inn under sosialkontorets arbeidsfelt.

Men — det er mange andre oppgaver innen vår menighet.

Diakonien har et vidt spekter. Foreningen trenger flere medlemmer som ser sitt ansvar for menighetens ve og vel. Du som ennå står utenfor forningslivet; kom å bli med. Du vil finne at det er både interessant og givende.

Mitt telef. nr. er: 80 472 og vil du ta en titt innom meg — bor jeg i Rømmesv. 2.

Magnhild Hoff